



...
Radøy kommune
Teknisk kontor
5931 MANGER

RADØY KOMMUNE
TEKNISK KONTOR
MOTTATT

22 FEB. 2001

Ark..... J.nr.....

RADØY KOMMUNE - KVALHEIM

MOTSEGN TIL REGULERINGSPLAN FOR BREISVIKA

Me syner til brev dagsett 07.11.00 om offentleg utlegging av reguleringsplan for bustadfelt i Breisvika på gnr 28/4 m fl.

Det framgår av gjeldande kommuneplan og saksframlegget at det aktuelle område i dag er avsatt som LNF-område med opning kun for spredt hyttebygging. I følgje kommuneplanen kan nye bustadfelt berre regulerast etter at trong for tomteareal er vurdert av kommunen (retningsliner til kommuneplanen). Vi kan ikkje sjå at ei slik vurdering er utført i samband med denne konkrete reguleringsplansaka.

Fylkesmannen stiller spørsmål med om det er naudsynt med ei slik relativt omfattande bustadutbygging i denne delen av kommunen og om ikkje utbygginga i staden burde vore handsame i samband med framtidig rullering av arealdelen til kommuneplanen.


Ein bustadutbygging i dette området gjer preg av ei satellittutbygging, med relativt stor avstand til offentlege servicetilbod som skule, butikk m.m. Dersom det er trong for meir bustadareal i denne delen av kommunen, vil nærleiken til offentlege og private service tilbod tilsei ein auke i bustadsantalet i felta ved Bøvågen.


Det er eit nasjonalt miljømål å sikre 100m-beltet mot nedbygging. Dei aller fleste av bustadtomtane vil ligge innanfor 100m-beltet og vil såleies medføre omfattande inngrep i strandsona. Naustareala og omfanget på småbåthavnene representerer og tunge inngrep i strandsona. Eit så omfattande tilbod av småbåthavnareal som planen syner burde vore dokumentert godt. Moloene vil og føre til store inngrep i sjøen.

Fylkesmannen fremmer motsegn til planframlegget da det ikkje er i samsvar med nyleg vedtatte kommuneplan og det er ikkje dokumentert trong for nye bustadfelt, samt at planen vil føre til omfattande inngrep i strandsona. En utlegging av dette område til bustadutbygging og eventuelt omfang av ein slik utbygging må utstå til rullering av kommuneplanen.

Me seier oss leie for det seine svaret noko som skuldast stor saksmengde for tida.

Med helsing


Svein Alsaker
Fylkesmann


for Terje Aasen
Fylkesmiljøvernssjef

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling
Landbruksavd., her